



KONTROLLUTVALET FOR MELAND KOMMUNE SÆRUTSKRIFT

Møtedato: 10. april 2015
Stad: Meland kommunehus – møterom 1
Kl.: 08.30 – 10.35
Tilstades: Marie Morken (leiar), Øystein Blom (nestleiar), Anne Marie Skurtveit – vara for Asbjørn Larsen og Helge Nygård – vara for Jarle Vikebø
Innkalla: Økonomisjef møtte til sak 13/15
Ordførar var også til stades i møte
Revisjon: Revisjonssjef Reidar Bjørsvik
Sekretær: Sekretariatsleiar Bent Gunnar Næss
Forfall: Jarle Vikebø, Asbjørn Larsen og Beate Eknes hadde meldt forfall – vara Henriette Fennely møtte ikkje

.....

13/15 Uttale til årsrekneskapen for 2014

Sakstilfang: Årsrekneskap, årsmelding frå rådmann, revisjonsmelding og revisjonsrapport nr 12.

I tillegg vart det delt ut eit notat i møte frå økonomisjef der revisjonsrapport nr 12 var kommentert.

Kontrollutvalet gjekk gjennom årsrekneskapen for 2014, og stilte spørsmål til administrasjon og revisor om tilhøve kring revisjonsrapporten, årsmeldinga og rekneskapen.

Samrøystes vedtak:

Med tilvising til det som her er nemnd vedtok Kontrollutvalet å gi slik uttale til kommunestyret om Meland kommune sin årsrekneskap for 2014:

Kontrollutvalet har handsama årsrekneskapen for Meland kommune for 2014. Saman med årsrekneskapen låg føre årsmeldinga frå rådmannen samt revisjonsmelding og revisjonsrapport. Den årsmeldinga som kontrollutvalet hadde fått var ikkje heilt ferdig.

Driftsøkonomi

Meland kommune sin økonomi er også positiv i 2014. Men det er grunn til å merke seg at driftsutgiftene har auka med 9,6 % og driftsinntektene med bare med 4,1 %. Netto finanskostnader er redusert med 1,4 mill. kr. Mindreforbruket i 2014 er på 3,1 mill. kr.

Netto driftsresultat i 2014 er pluss 14,2 mill. kr og det utgjør nesten 3 % av driftsinntektene, det er 5,1 mill kr betre enn budsjettet. Når ein skal samanlikne med 2013 så kan det vere hensiktsmessig å korrigerer netto driftsresultat for momskompensasjon frå investeringar og netto pliktige avsetningar til bundne fond. Det gir eit korrigert netto driftsresultat på 15,0 mill kr. Det viser at netto driftsresultat samanlikna med 2013 er 4,8 mill kr lågare.

Korrigert netto driftsresultat i mill kr				
	2011	2012	2013	2014
Netto driftsresultat	-5,20	2,20	29,90	14,20
+ Ekstra lønnskostnader i 2012		2,00		
- Momskompensasjon investering	-1,80	-4,10	-6,36	
- Avsatt bundne fond (netto)	-0,30	-3,90	-3,71	0,84
- For lite avdrag i 2012		-1,70		
- Tap på fordring - ikkje belasta		-1,20		
Korrigert netto driftsresultat	-7,30	-6,70	19,82	15,04

Det er også grunn til å merke seg at ein har motteke eit ekstraordinært utbytte frå Meland Utbyggingsselskap AS på 7 mill kr i 2014. Det utgjer 50 % av netto driftsresultat.

Ein stor del av kommunen sine utgifter er lønnsrelaterte. Samanlikna med 2013 har lønnsutgiftene inklusiv sosiale utgifter auka med 1,8 %. Det er noko lågare enn den generelle lønnsauken.

Gjeld og likviditet

Netto langsiktig lånegjeld (lånegjeld minus utlån) er 373 mill. kr og utgjer 76 % av driftsinntektene. I 2013 utgjorde den 79 % slik at kommunen er noko mindre sårbar for auke i rentenivået.

Totale omløpsmidlar er om lag 134 mill. kr, reduserer ein dei med ubrukte lånemidlar (8,2) og premieavvik (25,2) så utgjer omløpsmidlane 101 mill. kr. Den kortsiktige gjelda er 65 mill. kr, justert for premieavviket. Det betyr at kommunen sin arbeidskapital (omløpsmidlar minus kortsiktig gjeld) er på pluss 35,5 mill. kr. Bundne fond (17,6 mill. kr) og investeringsfond (22,3 mill. kr) er totalt 39,9 mill. kr. Det betyr at kommunen ikkje har likviditet til å «bruke» alle bundne fond og investeringsfond. Men likviditeten har betra seg i 2014.

Kommunen har midlar i verdipapirfond. Revisjonen peikar på at ein bør vurdere om dei har tilstrekkeleg låg finansiell risiko. Kontrollutvalet ser det som naturleg at det vert vurdert om kommunen skal ha midlar plassert i verdipapirfond. Dette er noko revisjonen og kontrollutvalet har peika på tidlegare. Økonomisjef opplyste om at det vil bli vurdert i eit oppdatert finansreglement.

Tenesteområda – skjema 1B og 2B

Kommunestyret har vedtatt ei total ramme som rådmann kan fordele på dei ulike tenesteområda. Kontrollutvalet synes kommunestyret bør vurdere på kva nivå ein vel å vedta budsjettskjema 1B på. Slik det er i dag så vedtek kommunestyret berre eit beløp som rådmann har fullmakt til å fordele på dei ulike tenesteområda.

Ressursbruken på dei ulike områda (1B) i årsmeldinga er ikkje heilt identisk med den som er i rekneskapen. Økonomisjefen gav ein forklaring på kvifor det var avvik. Kontrollutvalet trur det kanskje ville vore ein fordel at det var same tala. Dette er også kommentert av revisjonen.

Avvik (overforbruk/underforbruk) er stort sett forklart i årsmeldinga. Totalt sett så er det eit mindreforbruk på 4,8 mill kr. Det er tilskott til dei private barnehagane og administrasjon som har eit større meirforbruk på 4,4 mill kr. På mange av tenesteområda er der eit mindreforbruk som er forklart i årsmeldinga.

I investeringsrekneskapen – skjema 2B så er der nokon mindre avvik i forhold til vedteke budsjett. Avvika vart også forklart i møte. Kontrollutvalet ser det som positivt at desse avvika er mindre enn det som har vore i tidlegare år. Kontrollutvalet har tidlegare peika på at kommunestyret si løyving til investering er ettårig og ikkje årsvuavhengig.

Anna

Kommunelova § 48 nr 5 seier at årsmeldinga skal gjere greie for den faktiske tilstanden for likestilling i kommunen, arbeidet med å sikre ein høg etisk standard og betryggande kontroll. Desse punkta er omtalt i årsmeldinga.

Revisjon

Revisjon av årsrekneskapen er tilfredsstillande utført etter kontrollutvalet si oppfatning. Kontrollutvalet viser til revisjonsmeldinga til årsrekneskapen datert 07.04.2015 og revisjonsrapport nr 12 datert 07.04.2015. Kontrollutvalet har merka seg revisjonen sine kommentarar i revisjonsrapporten. Det er mellom anna peika på at ulike avstemmingar må gjennomførast løpande gjennom året. Kontrollutvalet reknar med at dei kommentarane vil bli følgt opp av administrasjon. I notatet frå økonomisjef 09.04.15 er revisjonen sine kommentarar kommentert.

Konklusjon

Kommunen sin økonomi er forbetra også i 2014, men det er grunn til å merke seg den store auken i driftsutgiftene. Kontrollutvalet ser det som svært viktig at det er samsvar mellom utviklinga i driftsinntektene og driftsutgiftene, det er det som sikrar kommunen ein sunn økonomi.

Kontrollutvalet meiner at presentasjon av årsrekneskapen med tilhøyrande spesifikasjonar og notar, tilfredsstillar brukarane sitt informasjonsbehov.

Frekhaug, 10.04. 2015


Marie Morken/leiar


Bent Gunnar Næss/sekretær

